



Skarsvåg Rør og Interiør AS
Melandsvegen 15
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: Ref.:IR2KBX- Skjemanr.:3934
Vår: 22/83 - 22/3803

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

14.01.2022

Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 317/12 Bjørnestad

Tiltak: Tilknytning kommunalt vatn
Byggjestad: Bjørnestadvegen 278 – Gbnr 317/12
Tiltakshavar: Kari Berger
Ansvarleg søkjar: Skarsvågen Rør og Interiør AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ifølgje erklæring om felles solidarisk ansvar, skal gbnr 317/12 (Bjørnestadvegen 278) ha felles leidningsnett med gbnr 316/2,5 (Melandsvegen 331). Etter der vi kan sjå ligg det ikkje føre tinglyst rett som viser at gbnr 317/12 har rett til å legge privat stikkeidning over gbnr 316/2,5. Etter der vi kan sjå ligg det berre føre tinglyst erklæring om slik rett over gbnr 317/3.

Tinglyst erklæring om rett til å legge leidning over gbnr 316/2,5 skal ligge føre før kommunen kan handsame søknad.

2. Det må sendast inn situasjonskart som viser vassleidning frå veggliv bustad fram til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett. Private leidningar (fellesleidning og private stikk) skal være vist på kartet.

Vedlagt følgjer VA-kart som viser kommunalt leidningsnett i området. VA karten viser ikkje private leidningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kari Berger

BJØRNESTADVEG 5919
EN 278

Frekhaug

Mottakarar:

Skarsvåg Rør og Interiør AS

Melandsvegen 5919
15

FREKHAUG